

---

Saksnr: 2020/45015-39  
Saksbehandlar Birgit Tansøy  
Dato: 03.02.2021

---

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

Orientering. Riksantikvaren og Statsforvaltaren i Vestland opprettheld motsegn.  
Reguleringsplan for steinbrot på Aksla, Hennøy plan id 1438.016.03 - Bremanger kommune

Føreslegne reguleringsplan for steinbrot på Aksla er behandla på ny i Bremanger formannskap den 12.11.2020, etter andre gongs høyring. Det er gjort nye utgreiingar til planen som kommunen sjølv meiner svarer på fleire moment i motsegner til planen frå Riksantikvaren og Statsforvaltaren i Vestland. Bremanger kommune la tilleggsutgreiingane ut på avgrensa høyring den 27.11.2020. Riksantikvaren har som kjent tatt over rolla til fylkeskommunen som kulturminnemynde i saka.

Riksantikvaren er ikkje samd i at dei nye utgreiingane som kommunen har gjort, gir grunnlag for å trekke motsegnene. Direktoratet for kulturminneforvaltning peikar på at tiltakshavar har gjort greie for kva for val som er tekne. Men at val av plassering av ny utskipingskai ikkje har endra seg. Riksantikvaren konkluderer med at den samla negative verknaden på kulturminne og landskap ikkje er endra eller betra. Riksantikvaren opprettheld derfor motsegna.

Statsforvaltaren i Vestland kan heller ikkje sjå at det er gjort endringar i plankart eller føresegner etter 2. gongs høyringa. Dei skriv at planen vil få store negative verknader for nasjonale interesser. Dei peikar på at det er viktig å sjå heilskapen i dei store nasjonale verdiane knytt til naturmangfald/biologisk mangfald og landskapet. Statsforvaltaren rår til å endre planframlegget som tek Statsforvaltaren si motsegn til følgje.

#### Vedlegg

- 1 Kopi - Avgrensa høyring av planframlegg for reguleringsplan etter tilleggsutgreiingar for steinbrot på Aksla, Bremanger kommune
- 2 Kopi - fråsegn - avgrensa høring - detaljregulering - steinbrot på Aksla - gnr 78 bnr 7 mfl. - Bremanger kommune